



Daltrekk, den handskrivne lagsavisa, er heldigvis berga frå tidas tann. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag ettermiddag blir tida skrudd attende i forsamlingshuset Vonheim og Haugland skulemuseum oppe i dalen. Då markerast den årlege Kulturminnedagen der og kultursjef Kristian O. Bringedal steller til både "lagsmøte" og skuledag slik han arta seg i tidlegare tider..

Først blir det "lagsmøte" på Vonheim leia av ungdomslagsveteranen Bjørgulv Eik. Journalist Ola Matti Mathisen skal kåsera om rollen til ungdomshusa i lokalsamfunnet og den forunderlege og unike historia til Vonheim. Det blir naturleg nok også gjeve utdrag frå det handskrivne bladet Daltræk/Daltrekk og det blir song og musikkinnslag.

Den neste timen er lagt opp som ein skuledag i gamle dagar og der har tidlegare skulemeister Bringedal naturleg nok ei sentral rolle. Skuledagen har ein bolk om bibelsoga og katekisma, det vert norsktime i form av både lesing og diktat og vi får høyre skuleminner frå denne skulen som vart lagt ned for over 40 år sidan. Og så blir det sjølv sagt sunge – frå Sørås si songbok.

Friminuttet høyrer også med – det blir leikar på skuleplassen.



Haugland skule, no skulemuseum for Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under heile arrangementet blir det frista med matsal. Tilskiparane lovar ei spesiell oppleving som vil kalla fram mange minner hos dei eldre og vera nyttig historieopplæring for dei yngre.



Vonheim har framleis ein funksjon i lokalsamfunnet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kulturminnedagen vert skipa til i 50 land i Europa med det mål å skapa forståing og interesse for kulturminne og kulturmiljø og dette året står altså særleg forsamlingshusa i fokus.





Det blir leikar på Haugland. Her hoppar nokre ungar frå Husnes strikk der tidlegare i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)